

# Hornindal og Markane skyttarlag

## Referat frå årsmøte 29. oktober 2015    Miniatyrbana kl 1830

### 1.    **Godkjenning av innkalling og sakliste.**

Innkalling og sakliste vart godkjend.

### 2.    **Val av ordstyrar.**

Jan Flore vart vald til ordstyrar

### 3.    **Val av referent.**

Paul Andreas Hatledal vart vald til referent

### 4.    **Val av to til å skrive under møteboka.**

Arild Seljeseth og Thore Heggen vart valde

### 5.    **Årsmelding.**

Årsmeldinga vart godkjend.

### 6.    **Rekneskap.**

Rekneskapen vart godkjend m/ nokre merknader

### 7.    **Innkomne saker.**

#### **7.1    Rehabilitering Sindre skytebane.**

**Vedtak:** Det skal søkjast teknisk førehandsgodkjenning ut frå full utbygging. Vollar på 100 m og 200 m skal utbetrast slik at dei tilfredstiller dagens krav. Det skal byggjast ut for 8 skiver på 100 m og 12 skiver på 200 m. Det skal kallast inn til ekstraordinært årsmøte for å godkjenne storleik på prosjektet og kostnadsråme. Innan den tid skal ei førebels dugnadsliste ligge føre.

**Vedtaket var einstemmig.**

#### **7.2    Logo**

**Vedtak:** Årsmøte vedtok at Markane sin gamle logo skal vere utgangspunkt for ny logo. Den nye logoen skal ha tekst som vist i eit av dei innkomne forslaga.

**Vedtaket var einstemmig.**

#### **7.3    Godtgjering kasserar og leiar.**

**Vedtak:** Godtgjering til kasserar vert sett til kr. 5000,- / år

Godtgjering til leiar vert sett til kr. 5000,- / år, og til rekneskapsfører kr. 15000,- / år

### 8.    **Medlemskontingent.**

**Vedtak:** Uendra

For 2016 vert medlemskontingenten slik:

Enkeltmedlemskap vaksne:            kr. 400,-

Enkeltmedlemskap barn / ungdom til og med det året dei fyller 16:    kr. 100,-

Støttemedlem:            kr. 100,-

Familiemedlemskap:            Hovudmedlem kr. 400,- andre i familien kr. 100,- Minimum 1 familiemedlem må vere under 16 år.

**Vedtaket var einstemmig**

### 9.    **Subsidiar til medlemmane.**

**Vedtak:** For 2016 vert subsidiar til medlemmane slik:

Kr. 1,- pr. heilmantel skot og kuler til medlemmer som skyt minst 5 DFS - konkurransane bane og felt utandørs.

Alle under 25 år får kr. 2,- pr heilmantel skot og kuler ved minst 3 DFS - konkurransar bane og felt utandørs.

Cal. 22 til rekrutt og junior. Alle medlemmer betaler ei eingongsavgift på kr. 200,- pr. år, og får då nytte rimeleg ammunisjon til alle treningar og konkurransar.

Kr. 500,- til Norgescup helgar. Unnateke NC i eige samlag og nabosamlag.

Dekka førehandspåmelding til Landsskyttarstemne. (Må skyte)

**Saka vart godkjent mot 1 røyst**

### 10.    **Avgift jaktskyting**

**Vedtak:** Dei som ikkje er medlemmer i Hornindal og Markane skyttarlag betaler ei eingongsavgift på kr. 700,- som dekkjer treningsskot og jaktprøve. Dei som nyttar fleire våpen betaler kr. 200,- pr. våpen for nr.2, 3, osv. "Drop in" treningsskyting kostar kr. 200,- pr. kveld.

**Saka vart godkjend mot 1 røyst.**

### 11.    **Budsjett.**

**Vedtak:** Budsjettet vart godkjend med eit overskot på kr. 14.700,-

## 12. Val.

Av det sitjande styre var Paul Andreas Hatledal, Thore Heggen, Håvard Solvik og Tore Saur på val.

Styret ser slik ut:

Jan Flore	ikkje på val	på val 2016
Idar Nygård	ikkje på val	på val 2016
Paul Andreas Hatledal	på val attval	på val 2016
Thore Heggen	på val attval	på val 2017
Håvard Solvik	på val attval	på val 2017
Tore Saur	på val attval	på val 2016

**Valnemnda har ikkje funne leiar og vil arbeide vidare med saka fram til eit ekstraordinært årsmøte.**

Vara til styret: Susanne Hove Sollid og Ann Therese Gausemel

Revisor: Roger Lillestøl og Per Ove Kjøs

Alle val var samrøystes.

## Val av nemnder og utval i Hornindal og Markane skyttarlag årsmøtet 2014.

**Ungdomsutval:** Valnemnda vil arbeide vidare med dette fram til eit ekstraordinært årsmøte.

### Tilsyn skiveelektronikk

**Sindre og Miniaturbane:** Arild Seljeset leiar  
Andreas Solvik

**Ansvarleg stemmer:** Sigurd Muldsvor leiar  
Audun Gausemel

**Data / heimeside:** Svein Otto Espe  
Ragnar Seljeset

**Ansv. miniatyrbane:** Arild Seljeset

**Ansv. Sindre:** Jørn Svingeset leiar  
Gunnar Øen

Knut Bøe ( ansvarleg plenarbeidar)

**Ansv. jegeraktivitet:** Steinar Lunde leiar  
Håvard Solvik

Ståle Raftevoll  
Rasmus Flore

**Ansv. vaksentrening:** Knut Lillestøl leiar  
Rasmus Flore  
Rune Grodås

**Ansv. dametrening:** Siv Kristensen leiar

**Bingonemnd:** Per Øen leiar  
Gunnar Øen  
Pål Heggen

**Skifeltutval:** Idar Nygård leiar

**Valnemnd for 2015:** Audun Gausemel leiar  
Gunnar Øen

**Ammunisjonsansvarleg:** Rasmus Flore (Sindre) og Alf Muldsvor (Miniatyrbana)

### Val av utsendingar til ombodsmøte:

Styret får fullmakt til å velje utsendingar.

Paul Andreas Hatledal, referent